

Kulturdepartementet  
Oslo

## **Høring om endringsframlegg til lov om stadnamn**

Styret i Vennesla dialekt-og mållag har desse merknadene til framlegget:

Stadnamna våre er ein felles, norsk kulturarv. Forvaltninga av skrivemåten må derfor ikkje overlatast til privat synsing. Dessutan viser det seg ofte at mange blandar slektsnamnet sitt og nedervde stadnamn, som er prega av dei lokale uttaleformene.

Folk som stammar frå same grend eller gard, kan skrive seg

- Fiske, Fiskum eller Fische
- Ton eller Thon
- Vik, Vig, Vigh eller Wiik

Mange av desse skrivemåtane er gjerne eit resultat av danske prestar og andre embetsmenn med därlege kunnskapar i norsk.

Dersom eigaren av bruket får rett til å bestemme skrivemåten, kan vi få ulike resultat i same grend, som Øvre Vik og Nedre Wiik. Begge kan vere i samsvar med lokal uttaleform og namneskilt på låveveggen, men skriftbiletet blir forvirrande. Dessutan kan vi få unorske skrivemåtar som t.d. Wiik. Dette kan fort skje når det ikkje skal «stillast strenge krav til dokumentasjon» og utan krav om lokal høring.

### Konklusjon:

Styret i Vennesla dialekt- og mållag meiner at

- skrivemåten av gardsnamn framleis skal fastsettast av Statens kartverk.
- for å ta vare på kulturminneverdien i stadnamna våre, er det avgjerande viktig å vedta skrivemåtar som bygger direkte på opphav, nedervd lokal uttale og gjeldande moderne rettskriving.

Oddvar Moen

leiar